



Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	Møtt	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	Møtt	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Møtt	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	Møtt	41518991	hfraf@broadpark.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	Styremedlem	Møtt	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Erik Olufsen, 6690 Aure	1. vara	Møtt	97787421	erik.olufsen@sweco.no
Christine Strandmann, Keiser Wilhelmgate 62, 6003 Ålesund	Fylkesleiar BKL	Forfall – Vara møtt	99244515	cstrandmann@hotmail.com
Arnhild Heggemli Harstad, Storhågvegen 7, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	Forfall	41605033	arnhild.bu@hotmail.com
Karin M. Vartdal, Ørsta Styremedlem i M&R Bygdekvinnelag		Møtt		
Til orientering:				
Petter Melchior, 6214 Norddal	2. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen	3. vara		91824069	elling.kv@hotmail.com
Sekretariatet		Tlf. arbeid		
Arnar Lyche - Møtt	org.-sjef	71202897	41418871	arnar.lyche@bondelaget.no
Arild Erlie - Møtt	rådgjevar	71202895	99726399	arild.erlie@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag tysdag 18. oktober 2011 kl. 10.30 – 16.00 på møterom 3. etasje Felleskjøpet i Molde

Rektor Aadne Haarr og avdelingsleiar Geir Inge Lien ved Gjermundnes landbruksskule møtte til lunsj saman med styret kl. 12.00, og deretter orientering og samtale med styret om aktuelle saker, aktivitetar og planer ved Gjermundnes.
Vedlegg til protokollen: Oppsummering/referat frå møtet



1/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste

Fylkesleiar fått telefon frå lokallagsleiar om sak om grunneigarar og erstatning, jfr også presseklipp i Driva og Åndalsnes Avis.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend

2/2011 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 20. september 2011

Vedlegg: Protokoll, som også er utsendt på e-post for godkjenning.

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 20. september godkjend.

SAK 52/2011: Innspel til uttale jordbruksforhandlingane 2012

Arbeidsutvalet (Karlsvik, Kjerstad og Lyche) skal ha møte før styremøtet i desember for å utarbeide førsteutkast til uttale. Endeleg utkast vert lagt fram for styret i 6.-7. desember, og deretter sendt som høyringsutkast til lokallaga i samband med laga sitt arbeid og studieopplegg for jordbruksforhandlingane 2012.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 41 41 88 71	E-postadresse more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Styret kom med konkrete saker og innspel som kan vere med i uttalen. Følgjande vart m.a. teke opp: Grøftetilskot. Omfordeling av arealtilskot. Produksjonsretta tilskot og tiltak. Ikkje fokus på kvoteordninga. Tilskot til gamle storferaser fører ikkje til vekst i produksjonen, gje heller til fødd kalv. Beitetilskot og 12 vekerskravet. Ikkje ha stort fokus prisnedskriving korn. BU-midlar og nydyrking. Gjødseilager.

Vedtak: Innspela som kom på styremøtet vert drøfta og vurdert av AU i førsteutkast til uttale.

SAK 32.3/2011: Program og opplegg for Leiarmøtet 4. og 5. nov 2011

Innkalling til leiarmøtet (utsendt i lokallagsbrev 14. september) og notat frå Norges Bondelag om rammeprogram for fylka sine leiarmøtet 2011 var utsendt til styremøtet 20. september.

Leiarmøtet vert halde på Rica Seilet Hotell, Molde fredag 4. og laurdag 5. november. Møtet tek til fredag kl 10.30 og avslutta med lunsj laurdag ca kl. 13.30. Også i år inviterer heile styret i lokallaga! Dette som ein viktig del av Bondelaget si satsing på tillitsvalde på alle plan i organisasjonen. Frå Norges Bondelag møter 1. nestleiar Berit Hundåla frå Nordland, og seniorrådgjevar Per Harald Agerup frå sekretariatet.

Vedlagt utkast til program pr. 12. oktober.

I rammeprogram frå NB for leiarmøta 2011 er fylkeslaga oppfordra til å fokusere på kommunikasjon og prioriterte saker, noko vi har prøvd å tilpasse til dag 1 - fredag. I tillegg til innleingar frå dei to utsendte frå Norges Bondelag, har vi prøvd å knytte kommunikasjonsstrategien til lokale saker og personar/innleiarar, der vi fredag har to lokale bønder, ein frilandsjournalist og ein lokallagsleiar i Bondelaget til å seie noko.

Laurdag er Berit Hundåla utfordra til å seie noko om ”norsk landbruk i den internasjonale landbruksverden”, med bakgrunn i det nye vervet ho har fått internasjonalt.

Og Per Harald Agerup er utfordra til å seie noko om strukturpolitikk og tankar om utviklinga framover. Deretter presenterer organisasjonssjef Arnar Lyche dei fem gardsreportasjene han laga i Landbrukstenester om ”Melkerobot – koster den mer enn den smaker?” Deretter invitere to unge bønder som har satsa ulikt. Målet er å få til ein diskusjon rundt dette temaet.

Elles laurdag inviterer ein repr frå Fylkesmannen si landbruksavdeling, og Birgit hadde eit glimrande innlegg på samlinga i Molde 17. sept som godt kan haldast for ei større forsamling.

I utkast til program er det teke omsyn til innspel og signal som kom fram på styremøtet 20. sept. Det er i år ikkje lagt opp til gruppevandring, men heller gruppearbeid på kommunikasjon og prioriterte saker. Det er heller ikkje lagt opp til to temakurs, alle deltakarane deltek på tema og saker felles for alle. Programmet vert sendt alle lokallag og påmeldte ca. 28. oktober.

Forslag til vedtak: Skissa til program og det som kom fram på møtet blir lagt til grunn for endeleg utforming av program. Fylkesleiar og nestleiar møteleiarar begge dager.

SAK 53/2011: Avløyсарordninga og velferdsordningar

A) Avløyсарordninga

På styremøte 20. september, sak 51/20011 - ref-sak 6.9, ble det orientert om innspill og synspunkt på avløyсарordninga frå eit styremedlem i Gjemnes Bondelag. I tillegg har Bondelaget fått tilbakemelding frå to andre produsentar som har vore i vanskelege situasjonar, og der Landbruk Nordvest ikkje har klart å oppdrive sjukeavløyсар.

Etter initiativ frå M&R Bondelag, vart det 10. oktober halde møte om saka på Felleskjøpet møterom i Molde. Frå Fylkesmannen si landbruksavdeling møtte Ottar Longva, frå Landbruk Nordvest møtte Ivar Bakken, Morten Feiring og Nina Bjørnstad, og frå Bondelaget Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Arild Erlien. Formålet med møtet var å avklare ansvarsforholdet, og diskutere mulige løsnings på problemet.

Ansvar for landbruksvikarar er overført frå kommunane til landbrukstenester, som får 270.000 for kvart årsverk i tilskot frå staten og er pliktig å skaffe sjukdomsavløyсар. Det er mangel på vikarar, og

utfordringa er manglande rekruttering til landbruket. I Landbruk Nordvest sitt område har dei grunnlag for 12,2 årsverk landbruksvikar. I 2010 formidla dei vel 2/3 av dette, omtrent 8 årsverk. I tillegg til landbruksvikarar, har LN ein stab med frilansere, men dei bestemmer sjølv når dei vil jobbe.

Mellom 1 og 2 millionar kroner av tilskotet blir ikkje brukt kvart år. Av tilskotsramma på 270.000 kroner kan inntil 40.000 kroner pr årsverk reknast som administrasjon, kompetanseheving m.m. Møtet drøfta om noko av midlane som vert sendt tilbake kan brukast på vaktordningar, beredskapstillegg og rekrutteringstiltak. Det vart m.a. vist til veterinærvaktordning og beredskapsordningar i helsevesenet.

Av rekrutteringstiltak vart nemnt samdriftsdeltakarar, bønder 50+, ved generasjonsskrifte er det frisk arbeidskraft, nybegynnerkurs for avlørere og avlørersarkurs for ungdom/10.-klassingar.,

Det var semje om at Landbruk Nordvest raskt set i gang eit prosjekt. LN utarbeider forslag til prosjektskisse og framlegg til prosjektgruppe der også Bondelaget deltek. Det vart antyda å bruke 2 månadsverk på dette. Målet er å kome med tiltak for rekruttering, vaktordningar, beredskap og lønnsordningar.

Forslag til vedtak: Styret i Møre og Romsdal Bondelag sluttar opp om initiativet, og deltek i styringsgruppe for prosjektet. Organisasjonssjef Arnar Lyche blir Bondelagets representant i gruppa.

B) Sykeavløsning samdrift og svangerskapspermisjon m.m.

Selv om bøndene gjennom jordbruksavtalen har framforhandlet gode velferdsordningar, spesielt sammenlignet med andre selvstendig næringsdrivende, har ordningen for avløsning ved sykdom mm flere svakheter.

Vi vil peke på bl.a at deltakere i samdrift ikke kan avløse hverandre ved sykdom, svangerskapspermisjon mm. De mister da retten til tilskudd til sykeavløsning.

En annen sak er at mens andre næringsdrivende og lønnsinntaker kan ta gradert uttak av fødselspermisjon/fedrekvote (d.v.s dele opp permisjonen over tre år) kan ikke bønder dette. Den må taes fortløpende og sammenhengende. Dette går fram av regelverket fra SLF. Dette vanskeliggjør muligheten for husdyrbønder til å ta ut spesielt fedrekvoten.

Forslag til vedtak: Møre og Romsdal Bondelag sender brev til styret i Norges Bondelag og ber de om å arbeide for å forandre regelverket for sykeavløsning samdrift og regelverket rundt gradert uttak av svangerskapspermisjon.

SAK 54/2011: Arbeidslista framover, møtedatoar og aktivitetar

A: To-dagers styremøte 6. og 7. desember på Tingvoll

6.des: avreise fra Molde +- ca kl. 10.00, besøk hos Tingvollst i Torjulvågen ca. kl. 11.30, besøk ved Bioforsk økologisk +- kl. 13.00-16.00. Overnatting og møterom er tinga på Tingvoll Fjordhotell. Møterom i peisestua, og til sosialt utover kvelden. Styremøte fra ca kl. 16.00 tirsdag og onsdag formiddag.

B: Kornkonferanse i Oslo 24. januar og felles styremøte med Østfold Bondelag 24. og 25. januar

Det er tidlegare avtala å ha styremøte i Oslo i samband med kornkonferansen tysdag 24. januar. Fylkesleiar og org.-sjef har avtala å ha halve styremøtet etterpå i lag med Østfold Bondelag. Dei er i Berlin 23-24. januar. Det vert difor styremøte dagen etter kornkonferansen, det vil seie onsdag 25. januar. Thon Opera Hotell bestille overnatting.

C: Bondelaget og Bygdekvinnelaget inviterer til debatt og møter i lokallaga

Vedlegg: Brosjyre - De norske sortene er i ferd med å forsvinne

Bondelaget og Bygdekvinnelaget oppfordrer alle lokallag til å sette norsk mat på agendaen før det er for sent. Hva betyr matproduksjonen for bygdene våre? Er norskproduert mer miljøvennlig? Kan vi gjøre mer for å verne om det norske? Er vi stolte av vår egen mat? Hvilke andre land kan vi lære noe nyttig av? Gå sammen og lag et debattmøte med temperatur og engasjement.

Orientering på møtet ved Arnar Lyche. Få matsida og produksjonssida til å nærme seg i kvardagen. Opplegget drøfta med styret i Bygdekvinnelaget. Dei skal ha arbeidshelg i november om dette. Norsk mat, god mat, produsere maten heime i eigne bygder, miljø, kortreist mat, har mange lokale variantar vi kan presentere – god norsk lokalprodusert mat.

Få med fiskerinæringa, næringsmiddelindustri, private aktører. Også rekne med Tine som kortreist. Vedtak styremøtet Bygdekvinnelaget: Går inn for å avholde seminar/debattmøter om fokus på norskprodusert mat og helse der det bl.a. fokuseres på hva norskprodusert mat betyr for bygdene våre, miljøet (kortreist mat), lokale råvarer, spesialiteter knyttet til bygda eller landsdelen, m.m. i samarbeid med Bondelaget. Styrets medlemmer tar kontakter i sin region med aktuelle aktører som kan delta eller bidra på seminarene. Det bør avholdes seminar/debattmøter i alle regionene. Målgruppe er oss som forbrukere, dvs. ALLE.

Vedtak: Fylkeskontoret arbeider vidare med prosjektet i samarbeid med Bygdekvinnelaget. Arne Rekkedal deltek på arbeidshelga til Bygdekvinnelaget som Bondelagets styremedlem i BKL-styret.

D: Landbrukskonferanse og fylkesårsmøte 9. og 10. mars 2012 – vidare drøfting

Viser til drøfting på styremøte 20. sept, sak 33.2/2011.

Kontoret har fått opplyst at Fylkesmannen vurderer å lage ei landbruksmelding for M&R. Kan konferansen ha fokus på innspel til slik melding? Satse på eit eller to tema, eller ha mange lause tema for innlegg.

Vedtak: Saka utsett til neste styremøte.

E: Landbrukshelg haust 2012/2013? – Agro Møre haust 2012/2013?

Nabofylka i sør har Agro Hordaland 28.-29. okt og Agro NordVest 4.-5.nov (Sogn og Fjordane og Sunnmøre). (Sjå vedlegg).

Hordaland Bondelag har leiarmøtet i samband med Agro Hordaland. For å få nok tid til eigne saker, startar leiarmøtet på torsdag, medan Agro Hordaland startar fredag. Sogn og Fjordane Bondelag hadde leiarmøtet over ein dag 3. oktober 2011.

Trøndelags-fylka har tradisjon for å halde felles Landbrukshelg. I mange fylker er det innarbeidd å ha Landbrukshelg.

Møre og Romsdal halde Landbrukshelg i februar 2006 med 75 deltakarar/4 kurs, og februar 2007 med 60 deltakarar/5 kurs. Bondelagets Unge Bønder-kurs på begge desse. Halde i Molde.

Det har ikkje vore Landbrukshelg seinare, men rein Unge Bønder-samling i februar 2009 med 30 deltakarar og i januar 2011 med 80 deltakarar.

Det er planlagt ny Unge Bønder-samling laurdag 28. og søndag 29. januar 2012.

Forutan den årlege landbrukskonferansen i mars i samband med Bondelagets fylkesårsmøte har vi ikkje mange andre faste møteplassar for bønder her i fylket.

Vedtak: Fylkeskontoret utarbeider skisse til event. samling i tilknytning til leiarmøtet hausten 2012.

Engasjere andre organisasjonar i næringa som vi kan samarbeide med. Ta initiativ til å halde møte med aktuelle samarbeidspartar i januar 2012.

SAK 55/2011: Årsmøterunden i lokallaga – oppsummering så langt

Vedlegg: Liste over datoar i lokallaga pr. 12. oktober

Pr styremøte 18. oktober er det avvikla årsmøter i 19 lokale Bondelag.

Fylkeslaget sin nye praksis med å sende ut på førehand forslag til dato for avvikling av årsmøtet, og endra vedtekter til Noregs Bondelag med framskunda frist til innan 1. november kvart år for å halde årsmøtet i lokalt Bondelag, har verka positivt for gjennomføring av årsmøterunden i M&R Bondelag.

I 2010 vart det halde 16 årsmøter i oktober, resten i november og desember. Og pr. 18. oktober 2010 var det varsla/fastsett dato for årsmøte i berre 21 lokallag.

Pr. 18. oktober 2011 er det varsla og fastsett dato for årsmøter i 38 lokallag (av 48 lokallag), og 37 av desse årsmøta vert halde i oktober, og eit lag har årsmøte 3. nov.

Den utsendte lista for ”fadder-ordning”, der styremedlemmer og tilsette har ansvar for 5 lokallag kvar m.o.t. å ha kontakt med lokallaget om årsmøtet, og eventuelt delta på årsmøtet om laget ønskjer det, fungerer også. Men det er nokre lag som har trudd at ”fadder” automatisk møter på årsmøtet. Difor er det sendt ut presisering om at dersom lokallaget ønskjer besøk frå fylkesstyret eller kontoret, må det avtalast direkte med vedkommande om tid og stad.

I gjennomgong av retningsliner for fylkeslaget, SAK 17/2011 – styremøte i mars, er det prioritert at alle styremedlemene bør på førespurnad delta på møter i lokallaga.

I 2010 var fylkeslaget ute på 22 årsmøter (Tillitsvalde 17 møter og tilsette 5 møter)

Til dei 38 varsla årsmøta i oktober møter fylkeslaget på 28 møter (Inge Martin 3, Birgit 5, Arne 2, Hans 2, Erik 3, Arnar 10, Arild 2 og Anne Turid 1).

Tilsette sin kostnad er reise (+ avspasering time mot time) (går ikkje på fylkeslaget sitt budsjett)

Styremedlemmers kostnad er gj.-snitt 1.500 kr daggodtgjersle og +- 500 kr i reise = +-2000 pr møte.

Viss fylkeslaget deltek på alle 48 årsmøter og 2/3 av dette er styremedlemmer, er fylkeslaget sin kostnad $32 \text{ møter} \times 2000 \text{ kr} = 64.000 \text{ kr} +++$

Styremedlemmer og tilsette rapporterte frå dei årsmøta dei har vore på:

Tankevekkar berre 7 og 9 oppmøtte i nokre store lokallag.

Ytre Haram 28 oppmøtte. Hustad 15 stk. Sunnylvn 30.

God dialog med medlemmene og godt klima under møta. Fadderordninga kan misforståast. Vurdere å kutte ut eller endre fadderordninga. Kanskje ha intern fadderordning for avlaste kontoret, styremedlemmene tek dei nødvendige telefonane. Signalisere at lokallaga ikkje kan få besøk kvart år, kanskje kvart andre, tredje år. Spørsmål om fordele styremedlemmene rundt om på alle møter.

Viktig presentere saker på årsmøta som bonden kjenner på kroppen, og ha dialog med medlemmene.

Halsa og Todalen - Fokuserte på jordbruksoppgjæret og prosessen. Tilbakemelding at merka betre økonomi og at NB fått gjennomslag. Støtte for den linje fylkeslaget lagt seg på.

Sunnylvn 30 stk, 50% damer, samanslåingssak. Tilbakemelding er inntekt, sjå meir på sovande kvote, BU-midlar må opp på nasjonal ramme, tilskot villsau inn mot meir varig produksjon

Fylkeskontoret vurdere om kan kjøpe inn fleire prosjektorer for å låne ut til styremedlemmene.

Harøy/Fjørtoft hadde årsmøte saman med Ytre Haram.

Viktig å prioritere årsmøta, her bygger vi bondelag! Invitere oss sjølv til ein del lag som sjeldan har besøk.

Sette opp budsjett. Legge budsjettstyringa på årsmøtet. Tenke pengar først og aktivitetar etterpå. Må bli mykje flinkare til å bruke pressa. Invitere pressa eller ta bileter sjølv og sende det til avisa.

Vedtak: Styret tek saka til vitande. På styremøte våren 2012 vert fadderordninga vurdert og om fylkeslaget skal møte på alle årsmøter.

SAK 48.2/2011: Oppsummering av sommerens representasjoner

Utsett sak frå styremøtet 20. september.

Fylkesstyret og kontoret deltek kvert år på Dyregod-dagane, Open Gard, Matfestival, Syltemartna m.m Styret hadde ei drøfting på kva vi skal vere med på vidare, kva kan gjerast betre og kva skal vi event. kan prioritere bort...

Vedtak: Styret ønskjer å prioritere arrangement av regional karakter framfor reine lokale arrangement av denne typen. Styret bør prøve å legge styremøte til Matfestivalen i Ålesund kombinert med deltaking på nokre av arrangementa der.

SAK 56/2011: Referatsaker**1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-11: 3.425 **Medlemstal pr 12/10-11: 3.375 -50****Nyinnmelde hittil i 2011: 94** Utmeldte hittil i år: 144 (Av desse 41 stopp ubetalt)

I styret vart det peika på at det er ei utfordring at vi har for få aktive brukarar som medlemmer, litt i overkant av 50 prosent av dei som søker produksjonstilskot i Møre og Romsdal er medlemmer i Bondelaget. Fylkeslaget må fokusere meir på å få tak i fleire av dei uorganiserte. Sterkare fokus på kven som er medlemmer, og kven vi skal ivareta interessene for.

2 Arbeids- og møteplan 2011-2012

(Dato ajourført: 18. oktober 2011)

Vinterferie i skulen: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
18. Okt	Fylkesstyremøte		Styret
19.-21. Oktober	Skattekurs: Tema:	Geiranger	Samarb. Rekneskapskontor
15. oktober	Temadag Eigarskifte	Molde	
3.- 21. okt	Årsmøte i lokallaga		Medlemmene/lokallaga
4.-5. Nov	Leiarmøte	Molde, Seilet	Lokallagsstyra og fylkeslag
11.-13. nov	Nei til EU Landsmøte	Molde Seilet	
20. nov	Søknad Aktivt Lokallagsmidlar		Lokallaga
6.-7. Des	Fylkesstyremøte	Tingvoll	Styret
2012			
24. januar	Kornkonferanse	Oslo	Styret
24.-25. januar	Styremøte (25.jan felles med Østfold BL)	Oslo	
28.-29. januar	Samling for unge nye bønder	Molde-regionen	Styret
Jan	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
jan / feb.	Møte i valnemnda		
ca. 1. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
Feb	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
Feb	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
1. mars	Kontingentforfall		
Mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)		Styret og samvirket
9.-10. mars	Årsmøte M&R Bondelag + landbrukskonf	Molde Seilet	Lokallaga, fylkeslaget

3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:**19. oktober: Evalueringsmøte Dyregod-dagane, Batnfjordsøra, Arnar Lyche.**

25. oktober: 12:00-14:00. Landbruksavdelinga, Fylkeshuset, Oppfølging av diskusjonane om rekrutteringsprosjekt i regi av bondelaget. Hovedide – Prosjekt som tar utgangspunkt i bedrifta, ikkje i potensiell overtakar. Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Arild Erlie.

3.-4. november: Invitasjon til årsmøte M&R Fiskarlag, Hotell Alexandra, Molde
Ein frå fylkeskontoret møter.

11.-12. november: Konferanse om økologisk landbruk, Skaret, Molde, Anne Katrine Jensen
Arr: Landbruk Nordvest i lag med Bondelaget, Småbrukarlaget og Fylkesmannens landbruksavdeling.

11.-13. november: Landsmøte Nei til EU, Rica Seilet, Molde Arnar møter.

17.-19. november: Samling for Unge Bønder, Hurtigruta, Molde-Bergen T/R. Arr: Felleskjøpet, Tine og Nortura. Bondelaget invitert til å presentere organisasjonen når Hurtigruta ligg til kai i Ålesund laurdag 19. november kl. 12.00-15.00. Pr. 18. oktober er det påmeldt 33 nye unge bønder. Nestleiar Birgit Kjerstad møter for Bondelaget.

4 Aktivitetar og møter i lokallaga

Heimeside 26.09.2011: Imot beitenekt som virkemiddel

Surnadal Saueavlslag, Surnadal Bondelag og Todalen Bondelag krever i et brev til Mattilsynet og Direktoratet for Naturforvaltning at ingen pålegges beitenekt innenfor jervområdene i Trollheimen og tilstøtende områder før tidligst etter at vedtaket om at Trollheimen skal være prioritert for sauebeite har vært effektivt i tre sesonger.

Heimeside 27.09.2011: Krev utsett gjødslingsfrist i Ørsta

Hjørundfjord Bondelag krev at Ørsta kommune utset gjødslingsfristen til 1. november. Våte marker gjer det uråd å gjødsle. – Hjørundfjord bondelag har med glede registrert at Landbrukskontoret i Ørsta har gjeve utsett frist for gjødsel-/silovæskepreiing til dei som har søkt. Likevel undrar det oss at landbrukskontoret berre har lengd fristen med 14 dagar, skriv leiar Knut Hustad i brevet til kommunen.

5 Referat frå møter og arrangement

21. september: Samling for fylkesleiarane i Norges Bondelag, Gardermoen, Inge Martin Karlsvik

22.-23. september: Leiarkonferanse Norges Bondelag, Gardermoen, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche.

26.-27. september: BSF-samling, Sanner, Hadeland, Atle Frantzen

30. september: M&R Bondelag møtte Fylkesmannen om husdyrgjødsel - Heimeside 30.09.2011:

Fredag 30. september hadde organisasjonssjef Arnar Lyche i Møre og Romsdal Bondelag og rådgiver Oddbjørn Kval Engstad i Landbruk Nordvest avklaringsmøte med Fylkesmannen om den vanskelige situasjonen med spredning av husdyrgjødsel.

Bondelaget og Landbruk Nordvest oppfordret Fylkesmannen om å sende brev til kommunene som gir noen klare føringer for hvordan kommunene skal behandle eventuelle søknader om å spre husdyrgjødsel etter 1. oktober.

På et rent faglig agronomisk grunnlag mener Landbruk Nordvest at kommunene bør vurdere å gi enkeltpersoner som søker frist for å spre husdyrgjødsel også etter 1. oktober. Innvilget dispensasjon må selvsagt være strengt tidsavgrenset og basere seg på en viktig begrunnelse, samt at faren for forurensning vurderes nøye i hvert enkelt tilfelle.

Møre og Romsdal Bondelag stiller seg bak disse synspunktene. Fylkesmannen ga signal om at de vil sende et brev til alle kommunene i Møre og Romsdal i løpet av mandag 3. oktober, og at det sannsynligvis vil inneholde en slik anbefaling.

Heimeside 12.10.2011: Møkkavær gir møkktrøbbel

Møkkaværet i høst har gått ut over møkkspredningen. Søkkvåte jorder gjør at bøndene rett og slett ikke kommer seg utpå for å spre gjødsel. I en rekke kommuner søker nå bøndene om å få utsatt fristen for å spre møkk. Det har fått fylkesjordsjef Ottar Longva til å rykke ut med rådgivning til kommunene om hvordan slike henvendelser skal takles.(TIDENS KRAV)

10. oktober: Møte om avløyserordninga, FK-møterom, Molde (Sjå omtale i sak 53/2011, pkt A)

14. oktober: Kurs i korn- og kraftforpolitikk for FKNR og Bondelaget, Molde. 20 deltakarar.

Frå Bondelaget deltok Birgit Kjerstad, Hans Frafjord, Arnar Lyche og Arild Erlie. (Anne Katrin Jensen møtte som styremedlem for Felleskjøpet).

Innleiarar frå Norske Felleskjøp var Lars Fredrik Stuve, Sindre Flø og Ole N. Skulberg.

Tema for kurset var status i korn og kraftføresektoren, markedsordninga for korn, forankring og organisering av markedsordninga, Markedsregulering av korn - sentrale føresetnader, rettar og plikter, viktige verkemiddel og utfordringar; Marknadsbalansen framover. Utfordringar for gjennomføringa av landbrukspolitikken; Importvernet for korn, Prisforhold mellom norsk og importert korn. Prisnedskrivingsstilsnitt, Fraktordningar, Andre virkemiddel i kornpolitikken; Beredskapslagring av korn og såkorn. Landbrukspolitiske utsikter.

15. oktober: Temadag eigarskifte,

Det vart ein lærerik temadag om eigarskifte som M&R Bondelag arrangerte i Molde laurdag 15. oktober. Bondelagets samarbeidsadvokat Ole Houlder Rødstøl sto for det faglege innhaldet for dei 50 deltakarane frå heile fylket. Fleire nye unge bønder melde seg inn i Bondelaget i samband med kurset. Stor interesse for kurset, avviste 10-15 personar som ønske å delta – p.g.a. plassomsyn i møtelokalet.

Temadagen vart halde i kantina i 3.etg. hos Nordmøre og Romsdal Felleskjøp i Molde, med møtestart kl. 10.00 og avslutning kl. 17.00. Atle Frantzen og Arild Erlie deltok frå fylkeskontoret. Til lunsj var det bestilt pizza.

Målgruppe var alle som skal inn i eller er inne i ein eigarskifteprosess. Sjølv prosessen kan ta lang tid og det er viktig å inkludere og involvere alle berørte partar, både ny og gammal generasjon. Kurset var gratis for medlemmar i Norges Bondelag. Ikkje-medlemmer betalte kr. 400.

Temadagen hadde ikkje som formål å setje deltakarane i stand til å gjennomføre eit eigarskifte på eiga hand. Derimot var det fokus på planlegging av eigarskifte, gjennomføring av eigarskifte og kva partane kan gjera på eiga hand og kva det bør søkjast hjelp til for å unngå gjera feil, m.v.

Under temadagen hadde samarbeidsadvokat for Norges Bondelag og partnar i Advokatfirmaet Øverbø Standal & Co i Molde, Ole Houlder Rødstøl, ein gjennomgang av sentrale tema som t.d. odelsrett, særlege/felleseige, skattespørsmål/skattlegging, overdragsformer, kjøpesum, m.m.

6 Orienteringssaker

6.1. Heimeside 21.09.2011: Aktuelle kurstilbod hausten 2011

Oppdatert kurskalender og kurstema for hausten 2011 er no klar. Her finn du aktuelle kurs- og studietilbod som bør vere aktuelle for medlemmer og lokale Bondelag i Møre og Romsdal. Klikk på linken kurskalender under eller på kvart studietilbod for meir informasjon, eller ta kontakt med Atle Frantzen på bondelagskontoret - tlf. 71 20 28 90.

6.2 Referat frå møte 25. august for medlemmene i Bondens Marknad Sunnmøre og Bondens Marknad Nordmøre og Romsdal

Vedlegg.

6.3. Voksenopplæringstilskot (VO-tilskot) Møre og Romsdal 1. halvår 2011

Vedlegg: Statistikk utdelt på møtet

Atle Frantzen orienterte i styremøtet.

Bygdefolkets Studieforbund (BSF) avvikla for nokre år sidan, pengar igjen på konto. Desse midlane kan brukast i samsvar med formålet med vaksenopplæringstiltak. Ekstra tilskot til gjennomført vaksenopplæringskurs.

Bondelagskontoret fordeler to gonger i året midlar til gjennomførte lokale tiltak.

6.4 Saker frå Bygdekvinnelaget – styremøte 6. oktober

- Diskuterte hvordan en kan sette fokus på informasjon og samarbeid mellom bygdekvinnelag og bondelag. Avhengig av et levedyktig landbruk og bondens og bygdekvinnes arbeid for å beholde og utvikle attraktive og levende bygder.
- Kokebokkampanje - settes inn 2 spalters annonse i flere lokale aviser "Høstkampanje – salg av kokeboka".
- Gunda Bele møter som 1. vara for Christine til styremøte i bondelaget, Karin Vartdal er 2. vara.
- Bondelaget bes oppnevne vara for Arne Rekkedal når han må melde forfall til bygdekvinnelagets styremøter.

6.4 Saker frå Bygdeungdomslaget

Norges Bygdeungdomslags hauststemne halde i Surnadal 14.-16. oktober. Samla 350 ungdomar frå heile landet. Masse liv og røre og konkurransar av alle slag. Det ble halde NM i «5 om dagen», osteanretning, bløtkakepynting, eksteriørbedømming av sau, motorsag og maskinmelking. I tillegg var det eigne NBU-mesterskap i Norgeskunnskap, friluftsmatch og handyman.

6.5 Andre saker lagt ut på M&R Bondelag si heimeside - www.bondelaget.no/moreogromsdal

Heimeside 22.09.2011: Jordbruksforhandlingene blir syretesten på politisk vilje

Oppfølging av landbruksmeldinga, blant annet i de årlige jordbruksforhandlingene, blir syretester på politisk vilje til å prioritere landbruket, sa styremedlem i Norges Bondelag, Katrine Kleveland, da hun innledet om arbeidet med politisk saker i organisasjonen på M&R Bondelags og Bygdekvinnelags felles samrådsmøte siste helg. Inntekt, investeringsvirkemidler, muligheter for fornying av driftsapparat og sosiale rettigheter nevnte hun som viktige faktorer for å sikre rekruttering.

Heimeside 27.09.2011: Ønsker mer fellesskap

Den 31. juli hadde Gunnar Wentzel sin siste arbeidsdag som organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag. I 33 år har han arbeidet ved fylkeskontoret. Og i alle disse åra har Wentzel hatt som et av sine viktigste mål å gjøre Bondelaget og landbruksnæringa synlige som samfunnsaktører. Nå kan organisasjonssjefen lene seg tilbake vel vitende om at han har nådd målet og satt tydelige spor etter seg (Intervju i FK-nytt nr 4/2011)

Heimeside 03.10.2011: Færre gardsbruk

[Den store landbrukstellinga som ble gjennomført i Norge i fjor viser at det blir stadig færre gardsbruk – også i Driva-distriktet. Leder i Bondelaget i Surnadal, Oddvar Mikkelsen, mener resultatet fra den store nasjonale landbrukstellinga er interessant. – Men alt er ikke så svart som tallene kan tyde på, understreker han. Nils T. Bjørke, leder i Norges Bondelag, sier til Driva at det har vært for liten politisk vilje til å demme opp for avgangen. (AVISA DRIVA)

Heimeside 05.10.2011: Dramatisk nedgang

Over heile landet forsvinn stadig fleire gardsbruk. Sidan 1999 har rundt 1 av 3 gardsbruk i Romsdal vorte lagt ned. - Dette er ikkje først og fremst verst for bøndene, dei vil alltid får seg jobb, det er samfunnet som vil slite framover, seier organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag, Arnar Lyche (ROMSDALS BUDSTIKKE)

Heimeside 12.10.2011: Frisk satsing - investert 6 millionar kroner på garden

Svak økonomi og ugunstig arbeidstid får mange til å gje opp bondeyrket. Det har ikkje skremd Wenche Ytterli og Anders Øverbø. Dei trur på ei framtid som bønder, og har investert seks millionar kroner på garden dei driv på Holmemstranda i Rauma. - Det er veldig meningsfullt å produsere mat, seier Wenche Ytterli og Anders Øverbø, som også er leiar i Rauma Bondelag. (ROMSDALS BUDSTIKKE)

Heimeside 17.10.2011: Gir ei krone per dekar matjord til TV-aksjonen

- Jeg gir ei krone per dekar matjord jeg eier, og oppfordrer alle bønder og grunneiere om å gjøre det samme, sier fylkesleder i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, i forbindelse med årets TV-aksjon 23. oktober.

Møtet slutt kl. 16.15

Arild Erlien - ref

Vedlegg til protokollen:**OPPSUMMERING/REFERAT:**

Rektor Aadne Haarr og avdelingsleiar Geir Inge Lien ved Gjermundnes landbruksskule møtte til lunsj saman med styret kl. 12.00, og deretter orientering og samtale med styret om aktuelle saker, aktivitetar og planer ved Gjermundnes.

Gjermundnes er ein del av den store landbruksfamilien, og vil jobbe i lag med næringa på opplæringsbiten. Gjermundnes vgs har dei siste åra hatt om lag 120 elevar. Har internatplass til elevar utanom nærområdet. Skulen tilbyr opplæring innan naturbruk, mekaniske fag og allmennfagleg påbygging. Driv stort gardsbruk, har gartneri, har gode fagfolk.

Skulegarden eig ca 300 dekar jordbruksareal, og leiger ca 100 dekar i tillegg. Jordbruksarealet er full-dyrka. Skulen har også ca. 1200 dekar skog.

Skulegarden har moderne driftsbygningar og har teknisk undervisningsutstyr for jordbruks-, skogbruks- og hagebruksdrift.

Utdanningsprogram Naturbruk – tre retningar: Heste- og hovslagerfag, anleggsgartner- og idrettsanleggsgag, og landbruk og gartneri. Får god landbruksopplæring og allsidig praksis.

Laga nytt info-materiell overfor skulen sin målgruppe og endra logo og hjemmeside, facebook. Arbeidsgruppe bl.a med Anne Katrine frå Bondelaget deltok. Brukt profesjonell hjelp, PR-byrå, lage presentasjonar.

Dei siste åra har skulen satsa sterkt på utvikling av tilbodet innan hest. Knytta til seg fagpersonar i Norgeseliten innan feltet. Nært samarbeid med desse kreftene for å kunne gje opplæring innan hestefaget av ypperste klasse. Skulen har stallplass til ca 20 hestar. Dette gjer det mogleg for elevane å ha med eigen hest til skulen. Hestefaget tar opp ca 20 nye elevar kvart år. Hestefaget gir opning til vidare utdanning innan landbruket, til UMB på Ås. Hestefaget fin innfallsvinkel til landbruket.

Av 40 nye elevar som kjem til skulen kvart år, berre 10-15 elevar som startar på landbruk. Utan dei andre elevane på andre fag, kan skolen bli lagt ned. Halvparten av elevane går på hestefaget.

Færre og færre utdannar seg til landbruk, da måtte arbeide for få inn noko anna. No er hestefaget oppe og går av seg sjølv. Merka siste åra at fleire av elevane på hestefaget har gått vidare inn i landbruksutdanning. Får lært ein del om landbruket i VG1.

Anleggsgartnerfaget – nokre tar det med tanke på bygdesservice. Er pengar ute blant folk, bønder ser på dette hvis dei har lite grunnlag på eigen gard.

Agronomkurs for vaksne er retta inn mot dei som skal inn i næringa. Gjermundnes positiv bidra til det som er etterspurt, men for skulen er agronomkurs for vaksne enno ikkje økonomisk forsvarlig. For få søkarar som vil betale for det. Må begynne å snakke opp landbruket. Aktivt prøve å få folk til å bli agronomar.

Dra lasset i lag med Bondelaget om behovet for nye investeringar ved skulen. Gjermundnes ønskjer å utvikle seg med eit nytt moderne fjøs. Skulen totalrenoverert i 1965-1975. No alt gammalt, også båsjet. Skrikande behov for investeringar på agronomsidea.

For å klare å få nye elevar, må ha ny ridehall. Ny ridehall foreslått i 2012 til 11-14 millionar kroner. Politkarane seier også at må ha nytt moderne fjøs.